



Kinsarvik/Fjordvegreionen februar 2019

INVITASJON TIL MEDLEMSSKAP FOR BEDRIFTER OG FORENINGER

Fjordvegen Rute 13 arbeider for trygg og sikker Rv/Fv 13 og reiseruteutvikling på denne indre hovudferdselsåra gjennom tre fylke; Rogaland, Hordaland og Sogn & Fjordane.

Vår årskonferanse er blitt viktig, med innleiarar og debattantar frå toppolitisk nivå i god blanding med store og små bedrifter og lokalt politisk nivå. Konferansen sirkulerer geografisk, er open for alle, og er blitt hovudarenaen for å løfta og debattera indre vestland sine behov for betra samferdsel og samfunnsutvikling. I 2019 er konferansen 3. april i Ullensvang. Me følgjer NTP-arbeidet nøye.

Fjordvegen Rute 13 har sidan 1995 arbeidd for og oppnådd fleire milepælar i arbeidet for rassikker og trygg, effektiv veg for indre vestland. Reiseliv og reiseruter har OG alltid vore eit viktig arbeidsfelt. Fjordvegen Rute 13 har medlemmer innan det offentlege; tre fylkeskommunar og 13 kommunar frå Sandnes og Stavanger i sør til Balestrand i nord, men og næringsforeningar og private aktørar. Det er no ønskeleg å auka bedriftsengasjementet for større styrke og breidde i dette viktige arbeidet. Meir informasjon om samferdsels- og reiselivsarbeidet, styret, vedtekter, medlemmer, vilkår og ikkje minst om årskonferansen der medlemma får god rabatt på deltakingsavgifta: www.fjordvegen.no

Medlemsskap:

Årsmøtet 2018 halverte kontingentsatsane for næringsforeningar og oppretta ein ny låg sats 6 for små bedrifter/andre, t.d. enkeltpersonar som vil støtta og delta i arbeidet for utvikling av Rv/Fv 13.

For 2019 har årsmøtet 2018 bestemt følgjande kontingent (Det kjem ikkje mva på desse beløpa)

Medlemskategori 1: Kommunar kr 35.000

Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer kr 5.000

Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer kr 2.500

Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette kr 5.000

Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette kr 2.500

Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette kr 1.000

Medlemskategori 7: Fylkeskommunar kr 85.000

Kva får ein igjen:

- Prioritering i Fjordvegen Rute 13 sitt arbeid.
- Medlemsskrivet *Fjordveg-drøsen* blir tilsendt på e-post 3-4 ganger i året.
- Medlemspris for Årskonferansen og prioritet for innlegg her og på andre møte.
- Presentasjon på fjordvegen.no (*heading og i artiklar*) om ein vil, jamnleg på *Facebook-profilen*, *Instagram-profilen* og i publikasjonane til Fjordvegen Rute 13.
- Prioritering i offentlege presentasjonar og ved pressekontakt.
- Rute 13 ønskjer å bli invitert og deltek på lokale møte som medlemma skipar til.
- Invitasjon på møte, m.a. på styret sine møterunde i Fjordveg-regionen kvart 4. år.

Me håper informasjonen er tilstrekkeleg for å bli medlem! Innmeldingsskjema er vedlagt.

Ta kontakt med våre styremedlemmer eller Hanne Sundbø, tlf 51 75 06 83 / 982 19 973, epost hanne@hagalid.net for spørsmål. Ho tek og imot innmeldingane.

Med venleg samferdsels-helsing
Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø /s./
styreleiar

Hanne Sundbø /s./
konsulent